

MØTEPROTOKOLL**KONTROLLUTVALET I SEL KOMMUNE**

Møtedato	Tid	Møtestad
Onsdag 18. juni 2025	Kl. 12.00-14.30	Sjøa, Sel rådhus

Til stades på møtet:

Medlemmar:	Jørund Båtstad (leiar), Eli Marie Stormyrenge, Freddy Bagge, Maj-Britt Svastuen.
Varamedlemmar:	Per Ove Haugaløkken (for Knut O. Bakken)
Andre:	Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG Tone H. Svesengen, Innlandet Revisjon IKS, sak 20/25, via Teams Kristin Rønn Gårderløkken, kommunedirektør, sak 19/25 Kai Ove Riise, leiar fellestenester, sak 19/25

Saker som vart handsama:

Sak 18/25	Godkjenning av protokoll
Sak 19/25	Orienteringar
Sak 20/25	Prosjektplan – Forebygging av ungt utanforskap
Sak 21/25	Eigenvurdering frå revisor om uavhengigheit
Sak 22/25	Statleg tilsyn
Sak 23/25	Oppfølging av revisjonsprosjekter
Sak 24/25	Referatsaker

Andre opplysningar:

Møteinncalling:	11. juni 2025
Møteleiar:	Jørund Båtstad
Referent:	Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

Underskrift:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 18/25-24/25 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

Jørund Båtstad *Per Ove Haugaløkken* *Eli Marie Stormyrenge*
Maj-Britt Svastuen *Kristin Rønn Gårderløkken* *Freddy Bagge*

Utskrift:

Protokoll frå kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutvalet, Innlandet Revisjon IKS og SKNG si heimeside.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandlar:
18.6.2025	200/2025	18/25 - 24/25	Elin Marit Andgard, SKNG

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Per Ove Haugaløkken møter for Knut O. Bakken som hadde meldt gyldig forfall.

Sak 18/25 Godkjenning av protokoll

Protokoll 23. mai 2025

Møteprotokoll sendt ut 23.5.25. Sekretariatet har ikkje mottatt nokon merknad.

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 23. mai 2025 er godkjent.

Handsaming

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 23. mai 2025 er godkjent.

Sak 19/25 Orienteringar

Bakgrunn

Orienteringar er eit av kontrollutvalets verktøy for å føre kontroll med kommunen.

Gjennom orienteringar blir utvalet kjent med kommunens verksemd og kan på bakgrunn av desse vurdere om det er behov for oppfølging.

Fakta

Det er bede om at kommuneadministrasjonen orienterer om følgjande:

- Prosess og status internkontroll
- Planstrategi

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.

Handsaming

Kommuneadministrasjonen orienterte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet om:

- Internkontroll – status og oppfølging etter gjennomgang 17.10.24
v/ Kai Ove Riise, leder stab og fellestenester
- Kommunal planstrategi 2024-2027
v/ Kristin Rønn Gårderløkken, kommunedirektør.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.

Sak 20/25 Prosjektplan – Forebygging av ungt utanforskap

Vedlegg

- Prosjektplan – utenforskap i Sel kommune, fra Innlandet revisjon 26. mai 2025

Bakgrunn

I vedtatt plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2025-2028 er utanforskap, sysselsetting og integrering prioritert tema for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet vedtok i sak 4/25 (18. februar 2025) å bestille foranalyse for å vurdere evt. forvaltningsrevisjon om utanforskap, sysselsetting og integrering. Utvalet ba også om prosjektplan dersom revisjonen i foranalysen vil tilrå prosjektet.

Foranalysa presenterte fleire moglege formål og problemstillingar:

1. Kommunens oversikt over og arbeid for å forhindre utanforskap
2. Integrering av flyktningar
3. Forebygging av ungt utanforskap
4. Eldre som bur åleine

Kontrollutvalet vedtok i sak 11/25 (22. april 2025) å bestille ein prosjektplan basert på foranalysa og alternativ 3 om forebygging av ungt utanforskap.

Innlandet Revisjon IKS oversendte prosjektplanen 26. mai 2025.

Forvaltningsrevisor vil delta på møtet for å presentere denne og svare på spørsmål.

Fakta

Kontrollutvalet skal påsjå at det blir utført forvaltningsrevisjon av kommunens verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i. Ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyrets vedtak (kommuneloven § 23-3).

Formålet med foranalyse og prosjektplan er å gje kontrollutvalet grunnlag for å vurdere om det skal bestille ein forvaltningsrevisjon.

Prosjektplanen starter med å definere og forklare utanforskap. Vidare blir formål, problemstillinger, forventet nytte, revisjonskriterier, metode og gjennomføring omtala.

Revisjonen beskriv prosjektets formål og problemstillinger i punkt 2.

"Formålet i et forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «Forebygging av ungt utanforskap» kan være å få mer informasjon om hvordan kommunen arbeider for å forebygge utanforskap blant unge voksne. Dette innebærer at vi ikke her ser på tiltak mot de faktorene som innebærer at grupper marginaliseres, men på de tiltak NAV gjør for å få unge voksne i skole, utdanning, arbeid og andre viktige arenaer i samfunnet, jf. definisjonen i kap. 1.1."

Revisjonen foreslår tre problemstillinger:

1. I hvilken grad kartlegger Nav-kontoret behovene til unge mellom 18 og 30 år, og følger opp med tjenesten opplysning, råd og veiledning?
2. Hvordan legger Nav-kontoret til rette for at unge voksne mellom 18 og 30 år kommer i utdanning, arbeid eller aktivitet?
3. Har kommunen tiltak for å sikre tverrfaglig samarbeid, og i hvilken grad sørger kommunen for at tjenester og tiltak rettet mot unge voksne er samordnet?

Ressursbruk er stipulert til 350 timar. Oppstart kan skje i løpet av sommeren 2025 med levering av rapport tidleg i 2026.

Vurderingar

Forvaltningsrevisjon om utanforskap vil gje viktig informasjon om korleis NAV og kommunen kartlegger, følgjer opp og legg til rette for at unge mellom 18 og 30 år kjem i utdanning, arbeid eller aktivitet.

Å forebygge og hindre utanforskap er viktig først og fremst for dei personar dette gjeld, men også for kommunen og samfunnet med tankje på tenestebehov og ressursbruk samt det aukande behovet for arbeidskraft.

Eit viktig formål med forvaltningsrevisjon er læring og forbedring. Ein forvaltningsrevisjon av temaet utanforskap vil ha god nytteverdi og være viktig.

Kontrollutvalet har 300 timer pr. år til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og oppstart i løpet av sommeren og rapportlevering tidleg i 2026 vil høve godt.

Konklusjon: Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon om forebygging av ungt utanforskap i tråd med foranalyse og prosjektplanen.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek framlagt prosjektplanen til etterretning.
2. Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon om forebygging av ungt utanforskap basert på framlagt foranalyse og prosjektplan.
3. Prosjektet startar hausten-25 med rapportlevering tidleg i 2026.

Handsaming

Forvaltningsrevisor Tone Huuse Svesvengen frå Innlandet Revisjon IKS presenterte prosjektplanen og svarte på spørsmål.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek framlagt prosjektplanen til etterretning.
2. Kontrollutvalet bestiller ein forvaltningsrevisjon om forebygging av ungt utanforskap basert på framlagt foranalyse og prosjektplan.
3. Prosjektet startar hausten-25 med rapportlevering tidleg i 2026.

Sak 21/25 Eigenvurdering frå revisor om uavhengigheit

Vedlegg

- Uavhengighetserklæring – leiar forvaltningsrevisjon Ole Inge Gjerald

Bakgrunn

Krav til revisor følger av kommuneloven § 24-4 og forskrift for kontrollutvalg og revisjon. Revisor skal årleg og ellers ved behov, gje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengigheit til kontrollutvalet.

Fakta

Kontrollutvalet har fått tilsendt eigenvurdering for Gjerald. Han er leiar for forvaltningsrevisjon og overtok denne funksjonen etter Anne Live Jensvoll i 2025.

Vurderingar

I fylgje den gjevne eigenvurderingen er Gjerald uavhengig i forhold til kommunen.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek uavhengigheitsvurdering frå Innlandet revisjon IKS til orientering.

Handsaming

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet tek uavhengigheitsvurdering frå Innlandet revisjon IKS til orientering.

Sak 22/25 Statleg tilsyn

Vedlegg

- Oversikt statleg tilsyn

Bakgrunn

Departementet skriv i kontrollutvalsboka at kontrollutvalet bør ha rutine for å gå gjennom tilsynsrapportar.

Sekretariatet vil i møtet gå gjennom oversikta over statleg tilsyn og referere kort om avvik/pålegg frå tilsyn dei siste åra. Dette kan vere grunnlag for kva kontrollutvalet ynskjer å følge opp.

Fakta

Kontrollutvalsboka kap. 10 omtalar statleg tilsyn og kontrollutvalets rolle. Fellestrekk og forskjellar mellom forvaltningsrevisjon og tilsyn er godt presentert samt samordning mellom kontrollutvalet og tilsynsmynde m.a. gjennom tilsynskalenderen.

Nedanfor er tatt med to sitat frå boka:

"Statleg tilsyn og kommunal eigenkontroll har til felles at dei skal medverke til at kommunen løyser sine oppgåver innanfor rammene av lover og forskrifter."

"Det kan vere nyttig om kontrollutvalet etablerer ein fast rutine for å gå gjennom rapportar frå tilsyn som er gjennomførte i kommunen. Ein praktisk måte å løyse dette på vil vere at administrasjonen fortløpande sender alle tilsynsrapportar over til kontrollutvalet. Rapportar frå statlege tilsyn kan gje nyttig informasjon både ved gjennomføring av risiko- og vesentlegvurderingar og når kontrollutvalet planlegg konkrete forvaltningsrevisjonar. Tilsynsrapportar vil også vere relevante for å vurdere korleis internkontrollen i kommunen fungerer. Kontrollutvalet bør forsikre seg om at kommunen har ei tilfredsstillande handsaming og oppfølging av tilsynsrapportar."

Vurderingar

Sekretariatet vurderer at det er viktig at kontrollutvalet er løpande orientert om tilsyn og resultat av gjennomførte tilsyn. Tilsynsrapportar gjev nyttig informasjon om risiko- og vesentlegvurdering og ikkje minst om kommunens internkontroll.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet drøftar informasjon frå gjennomførte tilsyn og avgjer kva utvalet ynskjer å følge opp. Utvalet kan t.d. be om orientering om kva tiltak kommunen iverksett og korleis kommunen arbeider generelt med tilsynsrapportar og avvik.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning.
2. Kontrollutvalet ynskjer orientering om ...

Handsaming

Kontrollutvalet gjekk gjennom oversikta over statleg tilsyn. Utvalet ynskjer å være løpande orientert om tilsyn.

Utvalet sette fram omforeint endringsforslag om å ta ut punkt 2 i innstillinga, og med dette endringsforslaget vart innstillinga samrøysta vedtatt.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til etterretning.

Sak 23/25 Oppfølging av revisjonsprosjekter

Vedlegg

- Oversikt forvaltningsrevisjonar 2014-2024
- Sammendrag revisjonsrapportar

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter kommuneloven § 23-2 påsjå at vedtak som kommunestyret treffer ved handsaming av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

Denne saka handler om kontrollutvalets oppfølging av revisjonsprosjekt som er gjennomført før 2024. Oppfølging av revisjon av NGR skjer på fellesmøtet i september.

Fakta

Kontrollutvalets oppfølgingsansvar er omtala i Forskrift for kontrollutvalg og revisjon § 5. *"Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak om regnskapsrevisjoner, forvaltningsrevisjoner og eierskapskontroller blir fulgt opp og skal rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om vedtaket er fulgt opp."*

Kontrollutvalgsboka omtaler oppfølging og effekt av forvaltningsrevisjon på side 56: *"Det er kommunestyret som fastset korleis rapportane frå kontrollutvalet skal følgjast opp. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar blir følgde opp. Sjå kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 5. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ."*

Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis vedtak i kommunestyret har blitt følgde opp. Rapporteringa skal innehalde både saker som er følgde opp på ein tilfredsstillande måte, og saker som ikkje er tilfredsstillande følgde opp. Dette blir vanlegvis gjort i kontrollutvalet si årsmelding (sjå kapittel 11).

For kommunen kan dei tilrådingar, vurderingar og den bakgrunnsinformasjonen forvaltningsrevisjonar gjev, vere ei kjelde til ny kunnskap om ulike område i kommunen. Dette kan medverke til utvikling av tenestetilbod, arbeidsformer og internkontroll. For at forvaltningsrevisjonsrapportane skal gje læringseffekt, er det sentralt at kontrollutvalet legg til rette for ein konstruktiv dialog og god samhandling med administrasjonen. I oppfølginga av forvaltningsrevisjonar er det viktig å leggje vekt på potensialet for forbetring og utvikling. Dette vil medverke til betre måloppnåing og auka kvalitet på tenestene."

Vedlegget "Oversikt gjennomførte forvaltningsrevisjonar 2014-2024" omtalar tema, kontrollutvalets handsaming inkl. vedtak/innstilling og oppfølging samt kommunestyrets vedtak der det var mogleg å finne det.

Vedlegga "Sammendrag revisjonsrapportar" inneheld problemstilling, revisjonens vurderingar/konklusjonar og tilrådingar. Rapportane er i tillegg tilgjengeleg på SKNG si heimeside <https://www.nord-gudbrandsdal.no/skng/skng/>

Vurderingar

Sekretariatet har rådspurt NKRF kva kontrollutvala kan/bør gjere vedrørande forvaltningsrevisjonar som i liten grad har hatt noko (formell) oppfølging i utvalet. NKRF seier at kontrollutvalet kan be kommunedirektør orientere om korleis tilrådingar er fulgt opp. Det gjeld også om kommunestyrets vedtak er "rapport tatt til etterretning". Det følger av kontrollutvalets rolle med å vere kjent med kommunens verksemd.

Det er også aktuelt å be om orientering og vurdering frå regnskapsrevisor.

Revisjon skal bidra til forbetring og utvikling, og dette bør ligge til grunn når kontrollutvalet følger opp revisjonsprosjekta. Kort sagt, er det to oppfølgingsspørsmål:

1. Er kommunestyrets vedtak ved handsaming av forvaltningsrevisjoner og selskapskontroll/eigarskapskontroll fulgt opp?
2. Er revisjonens tilrådingar fulgt opp?

Det er noko krevjande å skulle vurdere korvidt det har vore tilfredstillande oppfølging av revisjonsprosjektet "Regionale samarbeid". Protokollar frå kommunestyre og kontrollutval er ikkje tilgjengeleg digitalt for denne perioda. Det er 10 år sidan revisjonen var gjennomført og mykje er skjedd sidan. Kontrollutvalet kan be om orientering om status frå kommuneadministrasjon og ordførar, eller ta med informasjonen til risiko- og vesentlegvurdering med tankje på evt. eigarskapskontroll.

Sekretariatets forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek ikkje stilling til korvidt revisjonens tilrådingar og kommunestyrets vedtak av revisjonsprosjektet "Regionale samarbeid" er fulgt opp tilfredstillande. Utvalet tek med revisjonens tilrådingar som bakgrunnsinformasjon ved evt. bestilling av generell eigarskapskontroll på eit seinare tidspunkt.
2. Kontrollutvalet er informert om prosjektet "Selskapskontroll – ansettelser i Nord-Gudbrandsdal regionråd" og vurderer at kommunestyrets vedtak er fulgt opp.
3. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientere om kva tiltak kommunen har gjort og vurdering av i kva grad revisjonens tilrådingar er innfridde for revisjonsprosjektet "Gjeld- og fondsforvaltning". Regnskapsrevisor blir også bedd om å orientere om sitt arbeid og status/vurdering.
4. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientere om kva tiltak kommunen har gjort og vurdering av i kva grad revisjonens tilrådingar er innfridde for revisjonsprosjektet "Trivsel og læringsmiljø i skolen".
5. Kontrollutvalet bestiller ein oppfølgingskontroll av revisjonsprosjektet "Helsesamarbeid – NGLMS". Kontrollen blir bestilt frå Innlandet Revisjon IKS og i samarbeid med øvrige kontrollutval i 6K.

Handsaming

Utvalet drøfta tidlegare revisjonsprosjekt og utvalets vidare oppfølging av dei.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek ikkje stilling til korvidt revisjonens tilrådingar og kommunestyrets vedtak av revisjonsprosjektet "Regionale samarbeid" er fulgt opp tilfredstillande. Utvalet tek med revisjonens tilrådingar som bakgrunnsinformasjon ved evt. bestilling av generell eigarskapskontroll på eit seinare tidspunkt.
2. Kontrollutvalet er informert om prosjektet "Selskapskontroll – ansettelser i Nord-Gudbrandsdal regionråd" og vurderer at kommunestyrets vedtak er fulgt opp.
3. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientere om kva tiltak kommunen har gjort og vurdering av i kva grad revisjonens tilrådingar er innfridde for revisjonsprosjektet "Gjeld- og fondsforvaltning". Regnskapsrevisor blir også bedd om å orientere om sitt arbeid og status/vurdering.
4. Kontrollutvalet ber kommunedirektøren orientere om kva tiltak kommunen har gjort og vurdering av i kva grad revisjonens tilrådingar er innfridde for revisjonsprosjektet "Trivsel og læringsmiljø i skolen".
5. Kontrollutvalet bestiller ein oppfølgingskontroll av revisjonsprosjektet "Helsesamarbeid – NGLMS". Kontrollen blir bestilt frå Innlandet Revisjon IKS og i samarbeid med øvrige kontrollutval i 6K.

Sak 24/25 Referatsaker

Referatsaker

- Rapport 1. tertial frå Innlandet Revisjon IKS.
- Møteplan andre halvår: 11. september (felles 6K), 28. oktober og 27. november.
- Tema og saker på fellesmøtet i september.
- Kommunestyre 5. mai 25:
 - PS 15/2025 Årsregnskap og årsberetning.
 - RS 6/2025 Attandemelding til kontrollutvalet i Sel på forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for NGR 2024
- Spalten "Bernt svarer" publisert i Kommunal Rapport 22. april - 26. mai.

Eventuelt / "ope post"

Kontrollutvalet drøfta verksemdsbesøk på Otta brygge.

Vedtak

- Kontrollutvalet ber sekretariatet planlegge verksemdsbesøk på Otta brygge ut frå det utvalet vart samde om i møtet.
- Referatsaker er tatt til orientering.

